

## VR-sak 18/17: Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling».

### Bakgrunn for saka

I Vestlandsrådet (VR) 11.05.17 og i arbeidsutvalet (AU) 15.06.17 vart utsendt notat frå fylkesrådmannen om miljødirektoratet sin strategi mot marin forsøpling drøfta. Vestlandsrådet ønskjer at det vert starta opp eit arbeid som følgjer opp notatet fram mot miljødirektoratet sin søknadsfrist for støtte (mars 2018). I notatet vert det m.a. peika på at eit koordinert og målretta prosjekt med hovudfokus på tiltak mot marin forsøpling vil vere eit viktig grep og ei ambisiøs tilnærming frå Vestlandsrådet i høve å medverke til «det grøne skiftet». Vidare ber Vestlandsrådet om at det til 25.10.17 er utarbeidd eit saksframlegg som skisserer oppstarten av eit koordinert prosjekt som kan danne grunnlaget for ein søknad frå rådet om støtte frå Miljødirektoratet for tiltak mot marin forsøpling frå 2018.

### Innleiing

For å følgje opp ambisjonane bør Vestlandsrådet ha som målsetjing å ta ei leiande rolle m.o.t. å mobilisere for betre koordinering og samarbeid mellom aktuelle organisasjoner og føretak - både innad og mellom dei fire fylka. Vestlandsrådet kan også ha ei viktig rolle m.o.t. å løfte arbeidet mot marin forsøpling og ressursbehov inn nasjonalt, der førebygging bør vere eit vesentleg innsatsområde.

Så langt ser den etablerte prosjektgruppa eit potensiale innanfor fleire område, og at ein gjennom betre koordinering og auka samhandling kan få til langt meir enn det som er mogleg i fylkeskommunane kvar for seg. Eit fellesprosjekt for satsing mot marin forsøpling kan også nyttast som grunnlag for å vurdere ei større, langsiktig fellessatsing retta mot klima, miljø og «det grøne skiftet» for Vestlandsrådet.

### Status for arbeidet

Det er etablert ei prosjektgruppe med følgjande representantar frå dei fire fylkeskommunane:

- Rogaland: Torsten Götterup.
- Hordaland: Sveinung Klyve
- Møre og Romsdal: Arne Håkon Sandnes.
- Sogn og Fjordane: Rolf Årdal (prosjektleiar), Synnøve Stalheim og Ole I. Gjerald.

Prioriteringar inn i eit hovedprosjekt frå 2018 vil kunne påverke både ressursbruk og organiseringa av prosjektet. Prosjektgruppa har gjort ei førebels avgrensing til tre hovedinnsatsområde der vi framover skal arbeide med å få fram kunnskap og potensiale om relevante tema som grunnlag for vidare prioriteringar:

- Førebyggjande arbeid
- Strandsone-utfordringar
- Sjø- og havbotn

Prioriteringar og innsats mot marin forsøpling er i dag handtert noko ulikt i dei fire fylka.

I Rogaland har engasjement så langt vore knytt til Skjærgårdstjenesten og strandrydding, men det er per i dag ikkje etablert eit koordinert arbeid mot marin forsøpling. Vestkystparken og Friluftsråda er sentrale i arbeidet som vert gjort. Ein har også døme på sektorspesifikke tiltak der Statens vegvesen og samferdsleavdelinga i Rogaland fylkeskommune arbeider med å finne tiltak mot plastforsøpling i samband med utbygginga av vegsambandet RYFAST.

# Vestlandsrådet

Sogn og Fjordane har mykje til felles med Rogaland, der rydding av maritimt søppel langs kysten har hatt hovudfokus – og der ulike aktørar har teke lokale initiativ både m.o.t. rydding i strandsone og på sjøbotn. I 2017 bidrog fylkeskommunen med ei løyving til Naturvernforbundet i samband med deira ryddeaksjon langs kysten. Naturvernforbundet har vidare planar om å vidareføre aksjonen i større skala i 2018. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser friluftsråda som ein sentral aktør i eit langsiktig arbeid, og ønskjer å stimulere til etablering av fleire friluftsråd som eit viktig ledd i arbeidet med å styrke koordinering og samhandling i fylket – og mellom vestlandsfylka.

I Hordaland har også rydding i strandsona vore hovudaktiviteten, der m.a. Hordaland jeger- og fiskeforbund har lagt ned ein stor innsats. I tillegg har Naturvernforbundet i Hordaland no etablert prosjektet «Plastjakten Hordaland», der ein skal spore kjelder til plastforsøpling og arbeide med førebyggjande løysingar. Det er mange aktørar både nasjonalt og regionalt som har ressursar, men det er behov for samordning: oppdrettsnæringa, redningsselskapet, Kystverket, Bergen Havnevesen, Bergen kommune, kommunane i Hordaland, avfallsselskapet, forskingsmiljøa, Uni-research i Bergen m.m.

I Møre og Romsdal er det også mange frivillige initiativ, oftast i samarbeid med friluftsråda som har fokus på rydding i strandsona. Fylkeskommunen har vore inne i arbeidet med å etablere ei skjergardsteneste i fylket, og det er i statsbudsjettet for 2017 løyvd 5 mill.kr. til føremålet. Møre og Romsdal fylkeskommune deltek også i arbeidet med to nasjonale pilotprosjekt for kartlegging av sjøbotn, og ser mulegheiter for å kople resultata frå desse prosjekta til arbeidet med å fjerne marin avfall.

I tillegg deltek fleire fiskebåtar i aksjonen «Fishing for litter», der dei kan leve inn samla marin avfall gratis til mottak på land. Det er ikkje noko koordinert arbeid i fylket m.o.t. arbeidet mot marin forsøpling.

Fylkesrådmannen meiner oppsummeringane ovanfor syner eit behov for auka koordinering og samhandling i landsdelen vår, som har så lang kyst- og fjordline. Det er positivt at det alt i dag er mange aktørar som bidreg, men talmaterialet som prosjektgruppa så langt har samla inn syner eit sterkt aukande problem; regionalt, nasjonalt og globalt.

I eit slik arbeid vil det m.a. vere nødvendig å få avklart ansvarsområde og roller til ulike aktørar, og det vil vere naudsynt å få sett denne utfordringa inn i ein systematisk og handlingsretta nasjonal handlingsplan.

## Finansiering av koordinert innsats på Vestlandet

Som ein del av arbeidet må også prosjektet kartlegge aktuelle finansieringsordningar innan ulike innsatsområde. Til dømes er finansieringsordninga som Miljødirektoratet legg opp til for arbeid mot marin forsøpling retta mot friviljuge organisasjoner og kommunale føretak. Ein søknad frå Vestlandsrådet inn mot denne finansieringspotten må i så fall sendast frå ein av våre samarbeidspartar i prosjektet.

## Vidare framdrift/avklaringar

- Innan medio desember 2017: Prioritering av tema innan dei ulike innsatsområda.
- Innan utgangen av januar 2018: Plan for prosjektorganisering.

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

# Vestlandsrådet

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om arbeidet som er starta opp til vitande. Vestlandsrådet legg til grunn at prosjektet nyttar, og utviklar, spisskompetanse i dei fire fylkeskommunane innan prioriterte innsatsområde og tema som ressurs for utvikling av arbeidet mot marin forsøpling.
  2. Vestlandsrådet ønskjer å ta ei leiande koordinatorrolle retta mot marin forsøpling langs vestlandskysten, og må i arbeidet utvikle målretta samarbeidsarenaer der relevante samarbeidspartar deltek. Rådet vil medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen nasjonalt for å sikre nødvendige prioriteringar og ressursar til arbeidet.
  3. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram forslag til eit prosjekt for felles tiltak mot marin forsøpling langs vestlandskysten. Prosjektet bør bygge på eitt eller fleire pilotprosjekt knytt til rydding i strandsone, kartlegging/rydding av sjøbotn og førebyggjande arbeid. Prosjektet skal vurdere moglegheita for finansiering frå Miljødirektoratet.
  4. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei eiga løyving til prosjektet som då vert skissert.
-